

Sjelelig smerte

frå eit
populærkulturelt pers

Refleksjonar rundt filmene *Melancholia* og *Oslo 31*. august

■ LISBETH HOMLUNG *redaktør, stipendiat ved Institutt for helse og samfunn*

Å stille medisinske diagnoser er ein sentral del av legeyrket og når ein les romanar eller ser film, kan ein lett kjenne seg freista til å sette slike merkelappar også her. Men eg har eigentleg ein grunnleggjande skepsis til å stille diagnoser på karakterar frå skjønnlitteraturen og filmverda. Desse er jo nettopp karakterar, og ikkje verkelege menneske, og dei skal gestalte ulike sider ved det menneskelege tilveret. Å stille medisinske diagnoser

vil vere å redusere dei til noko mykje mindre enn det dei er og opplevinga av kunsten si kraft til å kunne seie noko vesentleg om den menneskelege eksistens vil tilsvarande bli svekka. Eit godt døme på dette er forsøket på å diagnostisere Raskolnikov i *Forbrytelse og straff* som djupt deprimert og paranoid, eller rett og slett psykotisk. Dersom vi legg ei slik fortolking til grunn, vil verket miste sin eksistensielle og allmennmenneskelege dimensjon.

Når det gjeld den danske filmregissøren Lars von Trier sin siste film, *Melancholia*, som hadde premiere under årets Cannes-festival, må eg likevel innrømme at eg sjeldan har sett ein depresjonstilstand skildra på ein så treffande og god måte. I ei av dei første scenene i filmen ser vi den eine hovudkarakteren, Justine, springe gjennom skogen inntulla i grått ullgarn, føtene hennar heng fast, ho baksar og balar for å kome seg framover –



pektiv



eit usedvanleg godt bilete på korleis det er å vere inne i ein tung depresjon. Den mentale tilstanden til Justine viser fram heile spekteret av tungsinn og dei konsekvensane det har for enkeltindividet og menneska rundt.

Sett i lys av regissøren sine eigne røymsler med tilstanden, er det kanskje ikkje så rart at han klarer å skildre det så godt. Dessutan har han i ei rekkje filmar vist ei formidabel evne til å skildre ulike menneske og miljø på ein forbløffande presis måte, som til dømes i tv-serien *Riget* frå sjukehusmiljø.

Melancholia si handling spinn rundt to søstre, Justine (Kirsten Dunst) og Claire (Charlotte Gainsbourg). Strukturmessig er filmen delt i to: første del handlar om Justine sitt bryllaup, som går føre seg på eit stort, eventyraktig lott, der alt skulle ligge til rette for ei perfekt feiring, men på grunn av Justine sin mentale tilstand kollapsar det heile, sjølv om den kontrollerte og fornuftige Claire forsøker å redde stumpane. Del to utspelar seg ei stund etter det mislukka bryllaupet, heime hos Claire og familien hennar. Justine er djupt deprimert, Claire forsøker å ta seg av ho. Samtidig er planeten *Melancholia* på full fart mot jordkloden og verda står i fare for å gå under. I denne situasjonen vert rollene snudd på hovudet, idet den deprimerte Justine med stoisk ro ser den truande apokalypsen kome nærare og nærare, går den kontrollerte Justine i oppløysing. Det heile er akkompangert av Wagners *Tristan og Isolde*, saman med eit fantastisk vakkert biletspråk, så verkemidla er sterke.

Ein skulle tru at von Trier sitt forsøk på å skildre verdas undergang ville falle litt igjen-

«Alt kommer til å ordne seg» seier hovudpersonen Anders til venen Thomas. Han ler litt og legg til: «det gjør ikke det vet du».

nom, samanlikna med dei mange storslagne katastrofefilmene produsert i Hollywood, men det heile er igjen skildra presist og truverdig. Det ligg i dei små detaljane; insekt som kryp opp frå jorda i skogen, hestar som vrinskar av uro og ikkje finn roa i stallen. Og midt oppe i dette dei to søstrene og deira reaksjonar på det som skjer. Slik von Trier i *Riget* let fornuften og sanninga kome fram i samtalen mellom to kjøkkenassistentar med Downs syndrom, kan vi også her, i det tause mørkret etter at det unngåelege har skjedd, undre oss over om det er dei sjuke som eigentleg er dei friske.

Joachim Trier, som er ein fjern slektning av den danske stjerneregissøren, har i år haustta svært gode kritikkar for sin siste spelefilm, *Oslo 31. august*. I vurderinga av denne filmen er det også lett å ta på seg sine medisinske briller. Filmen startar med ei nostalgisk reise gjennom Oslo by der ulike tidsbileter og situasjonar vert vist fram. Ei kvinnestemme reflekterer samtidig over forskjellen mellom orda nostalgi og melankoli, og konkluderer med at melankoli nok er eit betre ord. Vi følgjer så Anders, glitrande spela av Anders Danielsen Lie (som også er utdanna lege), ein mann i byrjinga av 30-åra, som er i ferd med å avslutte eit langvarig rehabiliteringsopphald på ein rusinstitusjon. Han oppsøker gamle vener og kjente i Oslo, idet han famlande forsøker å finne tilbake til smulane av sitt tidlegare liv.

Anders har vakse opp i ein akademisk middelklasseheim på vestkanten i Oslo. Han har hatt eit perfekt utgangspunkt for å få til det han måtte ønskje her i livet, med gode evner og ressursar. Likevel har han ikkje fått det til. Han møter igjen vener som er etablert med familie, i gode jobbar, dei lever sine liv.

Sjølv går han på sitt første jobbintervju etter behandlingsoffallet og må svare for eit fem år langt svart hol i CV-en sin.

Gjennom ei stillferdig reise rundt om i Oslo eit døgn i august, observerer Anders byen og folka som bur der, samtidig ser han innover seg sjølv. Han fell meir og meir ned i eit melankolsk svartsyn. Dess fleire han treff frå sitt gamle liv, dess meir definerer han seg sjølv som utanforståande. Til slutt står han åleine igjen i huset han vaks opp, eit hus i ferd med å verte fråflytta. Anders har kjøpt med seg ein dobbel brukardose med heroin.

Vi må her ta av oss dei medisinske brillene idet filmen meir enn å vise fram ein deprimert mann med rusproblem, tematiserer «tilværelsens uutholdelige letthet» for å parafrasere ein berømt romantittel. Utover individet som balar med einsemd, leit etter meining, tap av meining, kan vi i eit større perspektiv kanskje reflektere over korleis det er å mislukkast i eit heilt land fødd med sølvskjei i munnen, som Frode Grytten så treffande har sagt det. Kanskje vert fallet og skamma dobbelt så tung å bære?

Mimesis er eit sentralt omgrep i kunstteorien. Det skriv seg tilbake til antikken og Aristoteles og Platon sin estetiske filosofi. Rett oversett betyr det imitasjon, men handlar om korleis kunsten etterliknar det verkelege. God kunst klarer å etterlikne røynda slik at vi kan kjenne igjen oss sjølve og verda vi lever i. Trass i stor ulikskap både i verkemiddel og grunnstemning treff både *Melancholia* og *Oslo 31. august* som ein knyttneve. Eg opplever filmene som ekte og autentiske, og sjølv om det av og til kan vere vanskeleg å legge av seg trangen til å sette medisinske diagnoser, hadde eg her ingen vansker med å nyte kunst- en sitt vesen!